



Naustet er 133/59 og er markert på skissa

**Rådmannen går imot at forvaltningskomiteen skal gje dispensasjon frå byggjegrensa slik at Jakob Rongve på Voss får byggja på naustet sitt på Ytre Eik. Det vil vera i strid med reguleringsplanen som gjeld no.**

Naustet vil endra trafikkbiletet og kan føra tii ulemper for den daglege drift og vedlikehald av vegen, meiner rådmannen. Ved ei naudsynt utviding av fylkesvegen her vil vegvesenet måtte innløysa naustet. Påbygget vil auka verdien av dette, og tiltaket vil dermed vera i strid med almenne interesser,

Planen er å riva takkonstruksjonen, auka grunnmuren med 0,8 meter og byggja ny takkonstruksjon. Bebygd areal vert som før.

Grunnen til prosjektet er at Rongve vil husa båt med overbygg. Naustet ligg 1 meter frå fylkesvegen og 5 meter frå senterlina av denne.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen